



Regionalavdelinga  
Seksjon for forskning, internasjonalisering og  
analyse  
v/Aina Haugstad

Dato: 20.03.2018  
Vår ref.: 2017/2682-85  
Saksbehandlar: berkilv  
Dykkar ref.:

## Folkehelseundersøking i Hordaland

Fylkeseldrerådet i Hordaland har fått tilsendt spørreskjemaet til "Folkehelseundersøkinga i Hordaland". Dokumentet blei handsama i møte 15.03.2018 under sak RS 17/18 omgjort til PS 18/18. Sjølv om me formelt sett ikkje har fått saka til uttale, har rådet likevel ønskt å gi uttrykk for eit par synspunkt om skjemaet.

Først vil me seia at det er positivt at det blir gjort ei slik undersøking.

Men fylkeseldrerådet synest at spørreskjemaet er svært omfattande og kan virka utmattande sjølv om ein etter nokre svartypar kan hoppa over spørsmålsbolkar. Det blir opplyst at det er gjennomført ei pilotundersøking der 43%, svarte, dvs mindre enn halvparten av dei spurte. Vi trur svarprosenten kunne ha blitt større dersom skjemaet hadde vore kortare.

Vi har også ein kommentar til spørsmål 3 som spør etter kor mykje den spurte har i inntekt. I dette spørsmålet saknar vi ein rubrikk med valet "ønskjer ikkje å svare."

Med helsing  
for fylkeseldrerådet i Hordaland

Kåre Ystanes  
leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*